



Vest-Telemarkrådet

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Til: Ordførarane og rådmennene i Vest-Telemark
Dato: Tysdag 8. februar 2022 kl. 10.00 – 14.30
Stad: Grendehuset i Lårdal, Tokke kommune

Kviteseid, 1. februar 2022

Rådsmøte tysdag 8. februar 2022

Kl. 09.30	Kaffi og rundstykke
Kl. 10.00-12.00	Regionordfører Halvor Homme ynskjer velkomen til møtet Ordfører i Tokke Jarand Felland ynskjer velkomen til Lårdal Rådsmøtet startar med orienteringar
Kl. 12.00-13.00	Lunsj
Kl. 13.00-14.30	Møtet held fram

Venleg helsing Vest-Telemarkrådet

Halvor Homme, regionordfører
Anne Aasmundtveit, regionrådsleiar

SAKLISTE

Rådsmøte torsdag 8. februar kl. 10.00

- 01/2022 Referatsaker**
1. Referat førre møte
 2. Søknadsinvitasjon prosjektskjønnsmidlar 2022
 3. Innspel til Straumnettutvalet
- 02/2022 Orienteringar**
- **Start Opp** – etablering av kommunalt oppgåvefelleskap ved rådgjevar ved Magnar Simensen og seksjonsleiar Tore Øystein Strømsodd i Vestfold og Telemark fylkeskommune
 - **Etablerarkontoret/Start Opp** ved dagleg leiar Solveig Sundbø Abrahamsen og rådgjevar Margit Hauvik i Telemark Næringshage
 - **Telemark Bilruter** - presentasjon av to GLP (Grønt landtransportprogram) prosjekt 1) Elektrifiserte bussar og 2) Biogass i Nordbygd i ved konsernsjef Kenneth Lindquist i Telemark Bilruter og prosjektleiar i GLP Erling Sæter
 - **Hub Brunkeberg** - presentasjon ved fagleiar samfunnsutvikling og teknisk drift Tarjei Gjelstad i Kviteseid kommune og representant for fyllestasjonsaktør.
 - **Forstudie - Hydrogenfyllestasjon langs E134 Brunkeberg til Haukeli** ved plan- og miljørådgjevar Anne Sofie Bergene Strømme i Vinje kommune og prosjektleiar Arnt Helge Hauglid i Telemark Næringshage
 - **Utlysing av vakant stilling** innan digitalisering og velferdsteknologi i Vest-Telemarkrådet
 - **Klimaplan** - framdriftsplan
 - **Småbruksprosjekt** - status/framdrift
- 03/2022 Samferdsel - Fylkesvegstrategi og handlingsprogram**
- 04/2022 Fylkesvegar med nedsett aksellast**
- 05/2022 Uttale til Notodden Lufthavn og søknad om statleg investeringsstøtte**
- 06/2022 Val av styringsgruppe i reiselivsprosjekta «Merket for berekraftig reisemål» og «Felles reiselivsstrategi»**
- 07/2022 Bygdeveksttaltale**
- 08/2022 Val av vertskommune knytt til vassområda Nidelva og Gjerstad-Vegår**
- 09/2022 Eventuelt**

Referat frå møtet i Vest-Telemarkrådet 16. november 2021 kl. 13.00-15.10

Tilstades:

Regionordfører og ordfører i Tokke Jarand Felland
Regionvaraordfører og ordfører i Nissedal Halvor Homme
Ordfører i Vinje Jon Rikard Kleven
Ordfører i Seljord Beate Marie Dahl Eide
Ordfører i Fyresdal Erik Skjervagen
Rådmann i Vinje Jan Myrekrok
Rådmann i Nissedal Sverre Sæter
Rådmann i Seljord Rikke Raknes
Rådmann i Fyresdal Une Marit Tangen
Rådmann i Tokke Finn Arne Askje
Rådmann i Kviteseid Øystein Tveit
Fylkesvaraordfører i Vestfold og Telemark Sven Tore Løkslid
Regionrådsleiar i VTR Anne Aasmundtveit
Utviklingsleiar i VTR Johannes Rindal
Direktør i Norsk Kulturarv Erik Lillebråten møtte i sak 50/2021

Forfall:

Ordfører i Kviteseid Bjørn Nordskog

Sak 49/2021 Referatsaker

Referat førre møte

Vedtak: *Referatet vart tatt til vitande*

Sak 50/2021 Orientering

Erik Lillebråten, direktør i Norsk kulturarv, orienterte om arbeidet som blir gjort i Norsk Kulturarv og om det som skjer innan kulturvernet.

- Om Norsk Kulturarv: Vern gjennom bruk.
- Interesseorganisasjon for dei som eig og brukar verneverdige kulturminne.
- Kulturarvkommune (samarbeid med Riksantikvaren)
- Sekretariat for kulturlandskapsprisen
- Undervisningsopplegg: www.kulturarvskulen.no
- I skjeringpunktet mellom fleire departement; Landbruk- og mat, Kultur-
- Olavsrosa, merkeordning og no godkjent skilt langs vegen
- *Ta et tak*: restaureringsprosjekt, har til no delt ut 54 mill. (hovudsakeleg frå Stiftelsen Uni.)
- *Rydd et kulturminne*: Aksjon for skuleklassar og liknande.
- *Norsk smaksskule*: Lære elevar om matkultur, ernæring og smak
- Kritiske faktorar: Mangel på handverkarar, mangel på tjære
- Jobbar med konseptet «Norsk matkultursenter»
- Mykje bra i Hurdalsplattformen: grunnstøtte bygningsvernskular, lovande signal på skattar og avgifter

Innspel i møtet:

- Bygningsvernsatsing: Ynskje at fylket tek ansvar for vidare finansiering på fast basis. Har vore toårig prosjekt der VTR, kommunane og Vest-Telemark Museum har vore med på delfinansiering.

Vedtak: *Orienteringa vert tatt til vitande*

Sak 51/2021 Framlegg til budsjett 2022 for Vest-Telemarkrådet

Regionrådsleiar la fram saka.

Det vart i møtet presisert at budsjettbeløpet på kr 300 000 er egne midlar til etablerartenesta Start Opp, ei teneste som blir utført av Telemark Næringshage. Fylkeskommunen sitt initiativ for oppretting av eit KO (Kommunalt oppgåvefelleskap) er i samband med tildeling av regionale utviklingsmidlar til fellestiltak for Start Opp-kontora i Telemark. Dette initiativet er ikkje politisk behandla hverken i fylkeskommunen eller i dei 17 telemarkskommunane

Jarand Felland la fra følgjande forlag til budsjettendring:

- Kr 50 000 til myndighetsutøvelse (ansvar 1134) vert kuttet
- Kr 50 000 til yrkesmessa på Dalen (ansvar 1108). vert auka til kr. 100 000.

Beate Marie Dahl Eide kommenterte postane til rådmennenes disposisjon og næringskollegiet. Halvor Homme kommenterte framlegget til auken på yrkesmessa på Dalen, og den økonomiske situasjonen til rådet på sikt.

Vedtak: *Framlegg til budsjett blir langt fram for Vest-Telemarktinget med desse endringane: Ansvar 1134 blir redusert frå kr 50 000 til kr 0. Ansvar 1108 blir auka med kr 50 000 i eittårig ekstra støtte til yrkesmessa.*

Sak 52/2021 Framlegg til Arbeidsprogram 2022 – 2023

Regionrådsleiar la fram saka

Jon Rikard Kleven: Vil ha med punktet om bygningsvernsenter vidare, fram til vidare driftsmodell er avklart.
Vil ha med eit punkt om regionalt klimaarbeid. Forslag: *Koordinere regionale satsingar med forankring i klimaplanen for Vest-Telemark.*

Vedtak: *Framlegg til arbeidsprogram 2022-2023 blir lagt fram for Vest-Telemarktinget med desse endringane:*
1. Punktet om bygningsvernsenter blir ståande.
2. Nytt punkt: Koordinere regionale satsingar med forankring i klimaplanen for Vest-Telemark.

Sak 53/2021 Fylkesvegstrategi og nytt handlingsprogram

Sven Tore Løkslid: Sjå på korleis ein kan realisere prosjekt enklast mogleg, jamfør Åse bru som er bygd utan reguleringsplan.

Jan Myrekrok: Den nye kartlegginga av fylkesvegnettet som er varsla kan komplisere
Kan vere at Tokke og Vinje kommune bør sjå nærare på saka.

Vedtak:
(Punkt 1 blir sendt hovudutval for samferdsle)

- 1. Vest-Telemarkrådet har vurdert dei mål og kriterium som hovudutval for samferdsle har vedteke som grunnlag for ny fylkesvegstrategi. Rådet meiner ambisjonen om å ta att vedlikehaldsetterslepet er ambisiøs og riktig, men dette stiller store krav til korleis fylkeskommunen organiserer arbeidet og prioriterer ressursar. Vest-Telemark er ein region med store avstandar, der fylkesvegane er heilt sentrale både for persontrafikk og næringstrafikk. Lang veg til marknaden er ei konkurranseulempe som blir forsterka av dårleg vegstandard. Utbetring av flaskehalsar burde difor vore eit kriterium. Det er i tillegg*

eit viktig moment at mange av fylkesvegane i vår region opplev stor trafikkauke i helgar og feriar. Dette må vektleggjast i det vidare arbeidet.

Vest-Telemarkrådet vil understreke at det ligg eit grundig arbeid bak gjeldande fylkesvegstrategi. Her er fylkesvegane prioritert etter funksjon, med ei inndeling med «strategisk viktige fylkesvegar.» I Vest-Telemark gjeld dette Telemarkssvingen, med fv. 355 Tjønnfoss - Krossli, fv. 38 Vrådal – Åmot og fv. 37 Åmot – Rauland. Det er ein stor mangel at fylkeskommunen ikkje har utarbeidd konkrete planar for heilskapelege utbetringar på fleire av desse strekningane. Vest-Telemarkrådet meiner difor det er viktig at fylkesvegstrategien legg opp til strekningsvise utgreiingar på attståande delstrekningar, med ambisjon om rask utbetring av desse.

Vest-Telemarkrådet vil kome med ei eiga høyringsuttale til fylkesvegstrategien.

- 2. Vest-Telemarkrådet vedtek prosess for samordning av innspel til handlingsprogram slik det er skissert i saka. AU får fullmakt til å gjere eventuelle justeringar i tidsplanen, dersom fylkeskommunen sin prosess gjer dette naudsynt.*

Sak 54/2021 Framlegg til møtekalender 2022

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til møtekalender for 2022*

Sak 55/2021 Framlegg til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 7. desember 2021

Regionordførar la fram saka. Det er prosess knytt til domstol, og det bør leggjast opp til ei sak på tingmøtet.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for møtet i Vest-Telemarktinget 7. desember 2021, med tillegg «Domstolstruktur»*

Sak 56/2021 Val av representant i VRU-Agder

Vedtak: *Bjørn Nordskog vert vald til styremedlem i Vannregionutvalget*

Sak 57/2021 Møte med telemarksbenken

Regionordførar la fram saka.

Vedtak: *Saka vart teke til vitande.*

Sak 58/2021 Eventuelt

Ei sak kom opp under eventuelt: Ei Øvre Telemark-samling

Jarand Felland fremma forslag om å samle heile Øvre Telemark, ordførarar og rådmenn, ein gong årleg.

Jon Rikard Kleven støtta opp om forslaget under føresetnad av at det må vera eit nyttig og godt program med konkrete saker til drøfting.

Jarand Felland la og fram forslag om at ein bør evaluere fellesregionmøta Vest-Telemarkrådet har hatt. Ein bør og ta stilling til om ein skal ha eit fellesmøte med Grenlandssamarbeidet i 2022.

Vedtak: *Arbeidsutvalet er ansvarleg for å ta med seg ovannemnde innspel til vurdering*



Kommunene i Vestfold og Telemark

Saksbehandler, innvalgstelefon

Morten Wollebæk Lewin,

Invitasjon til søknad om prosjektskjønnsmidler 2022

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark inviterer kommunene i Vestfold og Telemark til å søke om tilskudd til fornyings- og innovasjonsprosjekter i 2022. Det er satt av 9 mill. kroner av skjønnsmidlene til dette formålet.

I år vil hele rammen til prosjektskjønnsmidler bli tildelt etter en felles søknadsrunde for alle kommunene.

Dette betyr ikke at kommunene i Telemark ikke kan søke sammen med de andre kommunene i regionrådene, eller at de ikke kan gjøre det med regionrådene som overbygning. Men søknadene vil bli vurdert opp mot andre søknader, og ev. tildeling vil komme som et resultat av en slik prosess.

Vi anmoder kommunene om å gå sammen om å søke prosjektskjønnsmidler.

Søknadsfristen er satt til 1. mars 2022.

Nærmere om prosjektskjønnsmidlene

Formålet med prosjektskjønnsmidlene er å gi kommunene støtte til å prøve ut nye løsninger i sin virksomhet. Midlene skal med andre ord fungere som risikoavlastning for kommunene for å kunne jobbe med innovasjon. Prosjektene formål må være å styrke kommunen i rollene som tjenesteproducent, myndighetsorgan, lokaldemokratisk arena eller som samfunnsutvikler, slik at oppgavene løses bedre. Prosjektene kan omfatte alle tjenesteområdene i kommunen.

Vi understreker at det bare er kommuner som kan søke om prosjektskjønnsmidler og stå som ansvarlig for prosjektet. Men kommunene kan gjerne samarbeide med eksterne aktører, eller som nevnt, andre kommuner.

Det kan også gis støtte til prosjekter med formål om å opprette nye og innovative former for interkommunale samarbeid, herunder prosjekter som over tid vil bidra til en mer bærekraftig oppgaveløsning.



Det gis ikke tilskudd til ordinær drift, eller prosjekter som er en del av det ordinære kommunale utviklingsarbeidet. Det gis heller ikke tilskudd til rene næringsutviklingsprosjekter, fordi dette vil kunne overlape med fylkeskommunens virkemidler og skape uklarhet om ansvarfordelingen mellom statsforvalteren og fylkeskommunen.

For å få tildelt prosjektskjønnsmidler må søknaden inneholde en gjennomtenkt og realistisk prosjektplan. Kommunen må beskrive sine utfordringer, og vise til klare mål for hva den vil oppnå med prosjektet. Kommunen må også grunngi valget av virkemidler/løsninger som skal bli testet ut i prosjektet.

Oppfølging av prosjekter

For å sikre overføringsverdi mellom kommunene og en bevisst ressursbruk, skal resultatene av prosjektene dokumenteres. Statsforvalteren skal gjøre en vurdering av prosjektene og om de har overføringsverdi til andre kommuner. Det krever rapportering.

Statsforvalteren skal formidle resultatene fra prosjektene til andre kommuner og stimulere til læring og erfaringsutveksling mellom kommunene. Statsforvalteren kan, i samråd med kommunene, vurdere å bruke skjønnsmidler til å evaluere prosjekter kommunene har gjennomført, for eksempel som grunnlag for erfaringsutveksling.

Søknads- og rapporteringsportalen Isord

Kommunene søker og rapporterer, og Statsforvalteren tildeler og evaluerer, i søknads- og rapporteringsportalen Isord. Vi kan fortsatt bli kontaktet for spørsmål om bruk av Isord.

Isord finner dere på <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>. Søknader kan legges inn fra og med i dag.

På <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/offentlig> kan dere se hvilke prosjekter som er tildelt tilskudd. Velg fylke og årstall.

For spørsmål om Isord, og andre spørsmål om tildeling av prosjektskjønnsmidler, kontakt Morten Wollebæk Lewin, tlf. 33 37 11 37.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark vil i tildelingen legge vekt på følgende forhold

- Prosjekter med klare mål, med god forankring organisatorisk og politisk, og en prosjektplan som også har et opplegg for å bruke prosjekterfaringer i ordinær drift og styringssystem etter prosjektperioden
- At kommunene i tillegg bruker egne ressurser på prosjektene
- For kommuner som er i en vanskelig økonomisk situasjon vil fokus på kostnadseffektivitet og tiltak som kan gi bedre økonomistyring bli særlig vektlagt
- Felleskommunale prosjekter vil, under ellers like vilkår, bli gitt prioritet, fordi læring mellom kommunene er viktig og fordi flere deltakere ofte gir innovasjonsarbeidet større kraft
- For prosjekter som blir søkt videreført fra 2021 kreves det en utredning om gjennomføring og oppnådde resultater til nå, i tillegg til øvrig prosjektplan. Vi legger til grunn at kommunene gir slike søknader prioritet i 2021

Prosjekter kan gå over mer enn ett år, men det kan bare gis tilskudd for ett år av gangen.



Søknadene må være forankret i kommunen sin sentrale ledelse, og bli lagt inn med anbefalt prioritering. Endelig tildeling kan avvike fra kommunene sin prioritering, fordi mange hensyn skal avveies og ivaretas.

Søknadene skal inneholde følgende:

- Prosjektkostnader og finansiering, kommunal egenandel og ev. andre finansieringskilder
- For felleskommunale prosjekter må en av kommunene påta seg en økonomisk vertskommunefunksjon og motta det eventuelle tilskuddet
- En prosjektansvarlig som kan være kontaktperson for videre oppfølging

Med hilsen

Mats Øivind Willumsen (e.f.)
fagsjef

Morten Wollebæk Lewin
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Fyresdal kommune	Klokkehamaren 6	3870	FYRESDAL
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMAR
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITSEID
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN



Vest-Telemarkrådet

Til
Straumnettutvalet

Høyringsinnspel til Straumnettutvalet

1. Vest-Telemark, Notodden og Hjartdal

Vest-Telemark er ein region med kommunane Vinje, Seljord, Kviteseid, Tokke, Nissedal og Fyresdal. Notodden og Hjartdal ligg i Aust-Telemark. Kommunane har om lag 30 000 innbyggjarar og ein vasskraftproduksjon om lag 7,5 TWh. Det er godt utbygd høgspennetnett i området, slik at det aller meste av elektrisiteten blir transportert ut av området.

2. Bygg ny næring/industri nær kraftverka

Kommunane er positive til det grønne skiftet og trongen for elektrifisering av samfunnet.

Kommunane vil oppmode Straumnettutvalet til å vurdere om nye kraftintensive verksemder bør få insentiv til å lokalisere nær kraftverka, der det kan vere aktuelt. På starten av 1900 talet blei det etablert industri på Rjukan, Notodden, Odda, Sauda mv. Desse plassane har framleis mykje kraftintensive verksemder, sjølv 100 år seinare.

Fordelar med auka lokalt forbruk er fylgjande:

- Meir verdiskaping skjer lokalt gjennom ny industriproduksjon
- Det blir færre naturinngrep når ein slepp å oppgradere/bygge nye linjer
- Ein sparer økonomiske kostnader til nytt nett som privatkundar og næringsliv må betale
- Ein reduserer nettapet

3. Bruk av konsesjonskraft

Vertskommunar med konsesjonspliktige kraftverk har rett til å ta ut inntil 10 % av produksjonen som konsesjonskraft. Nokre kommunar har i dag problem med å ta ut heile potensialet av konsesjonskraft, fordi kraftmengda er reservert til prosjekt i andre område.

Kommunane vil be straumnettutvalet gjere ei vurdering av om det i framtida bør presiserast at uttak av konsesjonskraft lokalt er ein rett av høg prioritet.

4. Reservasjon av kraft

Vi har døme på store verksemder som reserverer kraft. Reservasjon av kraft bør vere for avgrensa periodar, slik at ein berre kan reservere eit visst tal år fram i tid. Verksemder som reserverer kraft bør betale ein pris for reservasjonen av krafta. Prisen kan vere basert på mengde, lengde av reservasjon og ledig kraft i området.

Kviteseid, 31. januar 2022

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet
Notodden kommune
Hjartdal kommune

Halvor Homme
Regionordfører

Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar

Sak 3/2022 Samferdsel – fylkesvegstrategi og handlingsprogram

Arve Høiberg, leiar av hovudutvalet for samferdsel i VTFK, vil innleie i saka. På vegne av fylkeskommunen møter han regionråda for innleiing og drøftingar kring fylkeskommunen sitt arbeid med fylkesvegstrategi og handlingsprogram.

Dette saksframlegget gjev eit grunnlag for diskusjonen på møtet, og ein status på arbeidet med desse sakene i Vest-Telemarkrådet.

1. Fylkesvegstrategi

Utkast til fylkesvegstrategi var opprinneleg varsla i november, men vart utsett og er [handsama](#) og sendt på høyring i møtet i hovudutvalet 2. februar i år. Høyringsfristen er 1. april. Strategien byggjer på dei mål og kriterium som rådet vart orientert om på sitt møte i november:

Vi skal ta igjen vedlikeholdsetterslepet

Nullvisjonen for drepte og hardt skadde i trafikken skal legges til grunn for fylkeskommunens arbeid

Vi skal satse på bærekraftige og klimatilpassede løysninger

Vi skal satse på grønn mobilitet

I rådsmøtet i november understreka rådet at:

- Ambisjonen om å ta att vedlikeholdsetterslepet er ambisiøs og riktig, men stiller store krav til korleis fylkeskommunen organiserer arbeidet og prioriterer ressursar.
- Utbetring av flaskehalsar burde vore eit kriterium. Det er i tillegg eit viktig moment at mange av fylkesvegane i vår region opplev stor trafikkauke i helgar og feriar. Dette må vektleggjast i det vidare arbeidet.
- Telemarkssvingen, fv. 355 Tjønnefoss - Krossli, fv. 38 Vrådal – Åmot og fv. 37 Åmot – Rauland, er i gjeldande fylkesvegstrategi definert som «strategisk viktig fylkesveg.» Det er ein stor mangel at fylkeskommunen ikkje har utarbeidd konkrete planar for heilskapelege utbetringar på fleire av desse strekningane. Vest-Telemarkrådet meiner difor det er viktig at fylkesvegstrategien legg opp til strekningsvise utgreiingar på attståande delstrekningar, med ambisjon om rask utbetring av desse.

Det blir lagt opp til at Vest-Telemarkrådet handsamar høyringsuttale til fylkesvegstrategien i sitt møte 22. mars.

2. Forprosjekt fv. 38 Dalen – Åmot

Strekninga Åmot – Dalen er ei av dei mest krevjande langs *Telemarkssvingen*, og ei strekning med mykje næringstransport. Det er behov for oppgraderingar både når det gjeld breidde, kurvatur, rekkverk, rassikring, fundament, vegkropp, grøfting og stikkrenner, for å nemne noko.

I rådsmøte 31. august 2021 blei det gjort slikt vedtak: *Vest-Telemarkrådet prioriterer fv. 38 Åmot – Dalen som eit prosjekt til den varsla støtteordninga for fylkesvegar i NTP, og ber fylkeskommunen arbeide fram grunnlag og planar for at ein raskt kan starte arbeidet på strekninga.*

Dialogen med fylkeskommunen enda med eit vedtak i hovudutvalsmøtet i november, der fylkesdirektøren blei bedd om å kome attende med ei fagleg prioritering av aktuelle strekningar. Frå Vest-Telemarkrådet si side er det understreka at strekninga uansett er høgt prioritert (som ein del av *Telemarkssvingen*) uavhengig av støtteordninga.

Fylkeskommunen er svært pressa på plankapasitet og det ligg ikkje føre utgreiingar som viser aktuelle behov, val av strategi for utbetring, kostnadsanslag med vidare. Dette gjer det krevjande å få prioritert strekninga. For å fylgje opp rådet sitt vedtak er det difor starta opp eit forprosjekt i regi av rådet med AsplanViak som innleigd fagressurs. Målet med forprosjektet er å få eit grunnlag for korleis strekninga kan oppgraderast, slik at ein har eit grunnlag for vidare planlegging og prioritering av tiltak/prosjekt på vegen. Kommunane Tokke og Vinje er kopla på administrativt, og det er gjennomført møte med fylkeskommunen og Mesta, som har driftskontrakta på vegen. Forprosjektet blir ferdig i løpet av februar.

3. Innspel til handlingsprogrammet

Kommunane har frist 1. april med å spele inn aktuelle tiltak på fylkesvegane til VTFK. Fylkeskommunen vil deretter vurdere innspela og lage sitt framlegg til handlingsprogram. Dette vil truleg bli sendt på høyring før sumaren. Vest-Telemarkrådet vedtok på sitt møte i november at ein skulle sjå på ei regional samordning av hovudprioriteringar, og samarbeide om innspel. Gruppa er samansett slik:

Vinje	Jan Myrekrok
Tokke	Gunhild Austjord
Seljord	Maria Fremmerlid
Kviteseid	Tarjei Gjelstad
Fyresdal	John Kjell Lien
Nissedal	Katarina Rakowska
VTR	Utviklingsleiar

Gruppa har hatt eitt møte. Det er semje i gruppa om at det er fornuftig å halde fast på hovudprioriteringa *Telemarkssvingen* for å sikre oppgradering av attståande strekningar. Kommunane er i tillegg samde om å utveksle innspel på tiltak/prosjekt. Det er planlagt eit nytt møte i gruppa fredag 11. februar.

4. Vidare prosess

8. februar	Diskusjonssak i Vest-Telemarkrådet
Mars	Eventuell lokalpolitisk handsaming (opp til kvar enkelt kommune) av høyring på fylkesvegstrategien og/eller lokale tiltak til handlingsprogrammet. Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet kan eventuelt bistå med saksgrunnlag. Fyresdal: Formannskap 16. mars (og kommunestyre 24. mars) Kviteseid: Formannskap 24. mars Seljord: Formannskap 3. mars og kommunestyre 17. mars Nissedal: Formannskap 17. mars (og kommunestyre 31. mars) Tokke: Kommunestyre 8. mars Vinje: Kommunestyre 17. mars
22.mars	Møte i Vest-Telemarkrådet. Vedtak på høyring fylkesvegstrategi. Vedtak på overordna prioritering til handlingsprogrammet.
1.april	Frist høyring fylkesvegstrategi. Frist innspel tiltak handlingsprogram.

Anbefalingane i forprosjektet om fv. 38 Dalen – Åmot kan få innverknad på korleis konkrete tiltak på vegen skal formulerast i innspela (frå Tokke og Vinje) til handlingsprogrammet.

Framlegg til vedtak:

Vest-Telemarkrådet tek saka til vitande.

Sak 4/2022 Fylkesveggar med nedsett aksellast

Vest-Telemarkrådet har via ordføraren i Vinje fått ei henvending frå Vinje skogeigarlag som tek opp utfordringa kring nedsett aksellast på fylkesveggar. Dette skapar utfordringar for skogsdrift og flytting av skogsmaskiner i ei viktig periode for næringa. Skognæringa markerte dette i [VTB i mai i fjor](#). Skogeigarlaget ber Vest-Telemarkrådet om å ta opp denne utfordringa med fylkeskommunen.

Vegtrafikklova §7 gjev vegeigar heimel til å innføre aksellastrestriksjonar i visse periodar for å minske slitasjen og unngå skadar i vårløysinga. Mange av fylkesvegane slit med dårlege massar og drenering, noko som gjer situasjonen ekstra utfordrande. Fylkeskommunen har satsa meir på oppgradering av fleire vegar dei seinare åra, men det vil ta lang tid før fylkesvegane i Vest-Telemark har ein standard som minskar behovet for redusert aksellast.

Samstundes er det fleire unntak som ikkje blir omfatta av restriksjonane, slik det går fram av [fylkeskommunen sitt varsel](#) om nedsett aksellast i 2021. Mellom anna har renovasjon og transport av mjølk og fôr unntak.

Vedlegg: Brev frå Vinje skogeigarlag

Framlegg til vedtak: *Vest-Telemarkrådet ber fylkeskommunen om å sjå på løysingar som sikrar meir føreseieleg drift for skognæringa i periodar der aksellastrestriksjonar er innført. Vest-Telemarkrådet legg til grunn at fylkeskommunen har tett dialog med skognæringa om denne problemstillinga.*

VINJE Skogeigarlag



Vinje Kommune v/ordføraren

Øyfjell 9.nov. 2021

postmottak@Vinjekommune.no

FYLKESVEGAR – TELELØSING – TØMMER DRIFT.

Det er ei utfordring for delar av Vest Telemark og ikkje minst i Vinje at delar av fylkesvegnettet i praksis blir stengt for skogsdrift og tungtransport som eit resultat av redusert akseltrykk i opp mot 2 mnd. om våren.

Skogbruket i distriktet planlegg driftene etter beste evne og har ein bra logostikk for å tilpasse dette, men spesielt for flytting av driftslag med store maskiner er dette ei utfordring som også har ei økonomisk side.

For dei kommunane som er mest råka av dette har oppimot 15% av fylkesvegnettet nedsett akseltrykk i april/mai.

Vinje Skogeigarlag støtta opp om markering av denne utfordringa på Straume krysset i vår der omlag 20 representantar frå driftslaga i skogbruket saman med transportørar var representera.

Styre i Vinje Skogeigarlag bed med dette Vinje Kommune, gjerne saman med Vest Telemark Rådet taka dette opp med utvalet for samferdsel i Vestfold Telemark Fylkeskommune, med tanke på ei betring av denne utfordringa, og at det i det minste kan gjevast permanent dispensasjon for flytting av skogsmaskiner i denne tida som det er nedsett akseltrykk.

For Vinje Skogeigarlag

G. Eilefstjønn

Sak 5/2022 Uttale til Notodden Lufthavn og søknad om statleg investeringsstøtte

Notodden Lufthavn ved Karsten Tønnevold Fiane, kvalitets- og sikkerhetsleder, skal søkje om statleg finansieringsstøtte til investeringar på flyplassen. Sist flyplassen (2018) søkte om midlar vart søknaden avslått med følgjande grunngjeving: «*manglende regionale støtte*». Difor er det ynskjeleg med ei uttale frå Vest-Telemarkrådet. Utkast til søknad skildrar fordelinga av investeringar slik:

2022

- Utvide oppstillingsområdet i tilknytning til ny passasjerterminal
- Etablere område for avising av luftfartøy
- Opparbeide sikkerhetsområde (strip) sør-øst for fylkesvei
- Etablere garasje og verksted for lufthavnutstyr
- Anskaffe rullende materiell for drift av passasjertrafikk
- Anskaffe security -relatert utstyr for passasjerterminal

2023

- Ferdigstille sikkerhetsområde (strip) nord-øst av fylkesvei, inkl. utfylling Heddøla
- Etablere ny taksebane til/fra utvidet oppstillingsområde
- Ferdigstille inngjerding av lufthavnområdet, inkl. portsystem fylkesvei
- Etablere infrastruktur og ladestasjoner for elektriske luftfartøy
- Anskaffe utstyr for vinterdrift av større områder

2024

- Kartlegge og flyfotografere lufthavnområdet
- Innflygingslys fra sør, inkl utfylling av masser.
- Forlenge innflygingslysrekke fra nord

2025

- Rullebanesiktmåler
- ATIS
- AutoMETAR

Framlegg til uttale frå Vest-Telemarkrådet:

Vest-Telemarkrådet stør Notodden lufthavn sin søknad om investeringsstøtte og ber om at den blir imøtekomen.

- Regionen Vest-Telemark med sine seks kommunar har relativ lange reiseavstandar/transportavstander både til fly og hamn. Alle tiltak som reduserer denne konkurranseulempa er difor av det gode.
- Investering i flyplassen vil dra nytte av dei store veginvesteringane som er gjort i området. Frå vest er E134 betydelig effektivisert dei seinere år og auka bruk av tilbodet frå Notodden Lufthavn vil auke nytten av veginvesteringane. Gjennom desse investeringane er marknaden for flyplassen utvida.
- Reiselivsdestinasjonane kring flyplassen vil bli meir tilgjengelege frå viktige marknader på kontinentet.
- Arbeidsmarknaden i Vest-Telemark har eit betydeleg innslag av langpendling innafor bransjane bygg- og anlegg, olje- og gassproduksjon og generell industriservice.

- Fleire mindre industribedrifter i Vest-Telemark designar og produserer avanserte ferdigprodukt, med tilhøyrande installasjon, service/reparasjon og frakt av reservedelar.

Dette er eksempel på behov og på brukarar av Notodden Lufthavn. Eit utvida og stabilt tilbod frå Notodden Lufthavn er av stor interesse for Vest-Telemark.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek uttala til Notodden Lufthavn slik den ligg føre

Sak 6/2022 Val av styringsgruppe i reiselivsprosjekta «Merket for berekraftig reisemål» og «Felles reiselivsstrategi»

Bakgrunn

Vest-Telemarkrådet vedtok 31. august 2021 følgjande:

å sette av inntil kr. 2.555.000 over 2 år slik:

- a) inntil kr 955.000 til reisemålsutvikling og inntil kr 730.000 til merkeordninga i budsjettet for 2022 under føresetnad av medfinansiering frå Innovasjon Norge og politiske vedtak i alle Vest-Telemarkkommunane om deltaking i begge reiselivsprosessane.
Forslag til finansiering kjem i budsjettsaka til rådet i novembermøtet 2021.
- b) inntil kr 870.000 til merkeordninga i budsjettet for 2023 under føresetnad av medfinansiering frå Innovasjon Norge og politiske vedtak i alle Vest-Telemarkkommunane om deltaking i begge reiselivsprosessane.
Forslag til finansiering kjem i budsjettsaka til rådet i novembermøtet 2022.

Vest-Telemarkrådet rår Vinje, Tokke, Nissedal, Kviteseid, Seljord og Fyresdal kommunar til å slutte seg til deltaking i følgjande 2 prosjekt/prosessar:

- a) Merket for berekraftig reisemål for Vest-Telemark
- b) Felles reiselivsstrategi for Vest-Telemark

I løpet av hausten 2021 hadde alle dei seks kommunestyra i Vest-Telemark vedteke deltaking i begge nemnde reiselivsprosessar.

Begge prosessane vart lagt ut på Doffin:

- «Merket for berekraftig reisemål» som ei intensjonskunnngjering der vi opplyste om at Visit Telemark vert tildelt oppdraget. Grunngeving for direkte anskaffing er krav frå Innovasjon Norge som er eigar av merkeordninga. Innovasjon Norge krev at det er eit velfungerande destinasjonsselskap med betalande medlemmar på reisemålet som utfører prosessen.
- «Felles reiselivsstrategi» vart lagt ut som eit ordinært anbod.

Frist for å melde inn til kunnngjeringa og til å levere inn anbod vart sett til 31. januar 2022.

Dette var resultatet:

- «Merket for berekraftig reisemål»: Det kom ingen motsegn på intensjonskunnngjeringa, og det blir inngått avtale med Visit Telemark AS.
- «Felles reiselivsstrategi»: Det kom inn eit tilbod. Det vil bli starta forhandlingar med denne tenesteleverandøren.

Organisering av prosessane/prosjekta:

Det er krav frå Innovasjon Norge om at begge prosjekta vert organisert etter PLP-metoden.

Til no er følgjande avklara:

Vest-Telemarkrådet v/ Anne Aasmundtveit er prosjekteigar:

Leverandør av tenesteleveransene er prosjektansvarleg:

Prosjektleiingar vil vera tilsett hos tenesteleverandør.

Det må etablerast ei styringsgruppe for kvart av prosjekta. Det er naturleg og føremålsteneleg at Vest-Telemarkrådet utgjer styringsgruppa i begge prosjekta.

Styringsgruppa sine oppgåver er m.a. å sikre at prosjekteigars intensjonar med prosjektet vert ivaretekne, samt å følgje med på prosjektet si framdrift.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet utgjer styringsgruppe i prosjektet «Merket for berekraftig reisemål» og i prosjektet «Felles reiselivsstrategi»

Sak 7/2022 Bygdevekstavgtale

Regjeringa har i Hurdalsplattforma varsla innføring av bygdevekstavgtaler og regionvekstavgtaler.

Side 34 i Hurdalsplattforma:

Regjeringa vil innføre en pilotordning med **bygdevekstavgtaler**. Dette skal være et nytt distriktpolitisk virkemiddel for utvikling, vekst og langsiktige rammer som styrker næringsliv og bosetting i Distrikts-Norge. Dette skal være langsiktige avgtaler mellom staten og distriktskommuner med særlig behov for støtte til næringsutvikling. Piloten skal bestå av én til to avgtaler per fylke.

Utvikle **regionvekstavgtaler** mellom staten, kommuner og regioner, som skal sikre utvikling og vekst i hele landet og langsiktige rammer for næringsliv, transport, bosetting, utdanning og velferd.

Dette er ei satsing som passar godt saman med visjonen til Vest-Telemarkrådet:

Frå arbeidsprogrammet til Vest-Telemarkrådet:

VISJON: VEST-TELEMARK - EIN LEVANDE REGION

Vest-Telemark skal vera ein levande region der opparbeidd identitet og kultur vert vidareført saman med innovasjon og nyskaping. Gjennom samhandling over kommunegrensar skal vi gjere regionen attraktiv for busetnad, arbeid og oppleving.

Regjeringa arbeider no med å konkretisere innhaldet i desse ordningane. Fleire kommunar og regionar har allereie meldt si interesse, og Vest-Telemark bør raskt jobbe fram eit konsept som kan spelast inn til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Det er fleire punkt i gjeldande arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet som kan vere relevant for ei slik avgtale. I tillegg har Vest-Telemarkrådet vedteke høyringssuttaler til høvesvis [Demografiutvalet](#) (NOU 2020:15) og [Distriktsnæringsutvalet](#) (NOU 2020:12), der det er skissert pilotar/forsøk/ordningar som kan vere aktuelle.

Det er naturleg å involvere næringskollegiet i arbeidet. Andre moment som må vurderast i ei skisse er andre aktørar si rolle, kva fylkeskommunale bidrag/tiltak som kan vere aktuelle, organisering og tidsramme. Ei skisse kan vere klar til rådsmøtet i mars, og ein kan etter dette gå i dialog med departementet om innspel/justeringar og vidare prosess.

Framlegg til vedtak:

Vest-Telemarkrådet startar opp arbeidet med ei bygdevekstavgtale/regionvekstavgtale.

Sak 8/2022 Val av vertskommune knytt til vassområda Nidelva og Gjerstad-Vegår

Det er oppretta fire faste stillingar fordelt på 3,5 årsverk som vassområdeleiarar/rådgjevarar knytt til vassregionen Agder.

Ei av dei fire stillingane er ei 100 % stilling som skal dekke dei to vassområda

1) Nidelva, der Fyresdal, Kviteseid, Nissedal og Tokke inngår, og 2) Gjerstad-Vegår.

Stillinga som vassområdeleiar/rådgjevar skal lokaliserast til ein vertskommune.

Dei tre andre skal dekke slik: 50% stilling lokalisert i Birkeland for vassområdet Tovland, 100% stilling lokalisert i Bygland for vassområdet Otra og 100% stilling (uavklart lokaliseringsstad) for vassområdet Mandal-Audna, Lygna og Sira-Kvina.

Alle kommunar har fått invitasjon frå Agder fylkeskommune om å melde inn interesse om å bli vertskommune for denne stillinga sjå vedlegg *Invitasjon til samarbeid vannområdekoordinator og organisering av vannområdene Gjerstad-Vegår og Nidelva i Agder vannregion*

Så langt har Arendal, Froland, Åmli og Fyresdal meldt inn si interesse for å vera vertskommune.

Det er ingen av dei fire Vest-Telemarkkommunane som har vedteke politisk deltaking i ordninga, men alle har gjeve signal om deltaking under føresetnad av politisk godkjenning.

Den opprinnelege svarfristen (20. desember 2021) til Agder fylkeskommune har blitt utsett til uti februar 2022.

Stillinga som vassområdeleiar/rådgjevar er planlagt finansiert slik:

	Vannområdene Nidelva og Gjerstad-Vegår	Årlig finansiering
NIDELVA	Grimstad	40.000
	Arendal	40.000
	Froland	30.000
	Åmli	30.000
	Nissedal	30.000
	Fyresdal	30.000
	Kviteseid	15.000
	Tokke	15.000
	Valle	15.000
GJERSTAD-VEGÅR	Tvedestrand	30.000
	Risør	30.000
	Vegårshei	15.000
	Gjerstad	15.000
	Sum kommuner	385.000
	VRM/Agder FK	535.000
	Telemark FK	80.000
	Sum	1.000.000

Sjå vedlegg *Kommunanes ansvar i tråd med vannforskrifta og nasjonale føringar* og vedlegg *Oppgåver til vassområdeleiar/rådgjevar*.

Bakgrunn for oppretting av vassområdeleiarar/rådgjevarar er at erfaring frå andre stader syner seg å gi gode resultat i vassforvaltingsarbeidet på område som til dømes:

- Forankring
- Kontinuitet
- Framdrift i arbeidet mot dei ulike milepælane og fristane i vassforvaltninga

Arbeidsutvalet vedtok i møte av 26. januar 2022 å støtte Fyresdal kommune som lokaliseringsstad for vassområdeleiar/rådgjevar for Nidelva og Gjerstad – Vegår.

Det er regionråda Østre Agder med sine 8 kommunar, Setesdal med Valle kommune og Vest-Telemark med sine 4 kommunar som spelar inn eit grunngeve framlegg til vertskommune til Agder fylkeskommune.

Grunngjeving:

Fyresdal kommune held til i Fyresdal næringshage som tilbyr topp moderne kontorfasilitetar, inkluderande fellesskap og godt kompetansemiljø. Her er etablerte møteplassar, spennande og dynamiske miljø og ein kultur som er open for erfaringsutveksling og idémyldring. Det er møterom for videokonferanse, kantine og ikkje minst «kollegaer» å ta ein kaffekopp med.

Fyresdal Næringshage har sidan oppstart i 2013 hatt fokus på å utvikle ei kompetanseklynge. Ei god blanding av privat og offentleg sektor har skapt samlokalisering av opp mot 80 arbeidsplassar i alt frå enkelmannsføretak til kommuneadministrasjonen. Sidan starten har ein hatt ei systematisk satsing for å legge til rette for vekst i og nyetablering av verksemder som er samlokalisert.

Fyresdal Næringshage er eit kompetansesenter med særskilt fokus innan bioøkonomi. I dette kompetansemiljøet har m.a. Faun Naturforvaltning sine kontor. Faun jobbar med natur og gir rådgjeving innan vassforvaltning og overvåking, viltforvaltning, miljø laboratorieanalyse, planlegging og utgreiing, utviklingsprosjekt, prosjektleiing og prosjektstøtte.

Ein vassområdeleiar/rådgjevar vil heilt klart finne gode samarbeids- og diskusjonspartnarar for fagleg kompetanse- og erfaringsutveksling i felleskapet i Fyresdal Næringshage

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkregionråd ber om at Fyresdal vert vertskommune for vassområdeleiar/rådgjevar for Nidelva og Gjerstad-Vegår



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 24.09.2021
Vår ref: 20/26972-9
Deres ref:
Saksbeh.: Tanja Øverland

Til ordfører og kommunedirektør i kommunene i vannområdene Gjerstad-Vegår og Nidelva

Invitasjon til samarbeid om vannområdekoordinator og organisering av vannområdene Gjerstad-Vegår og Nidelva i Agder vannregion

Hovedutvalg for næring, klima og miljø vedtok 27.10.20 å styrke organiseringen og kapasiteten i vannområdene og at det ved oppstart av ny planperiode våren 2022 etableres en fast organisering av vannområdene (VO). I tillegg foreslås det å opprette til sammen tre faste stillinger fordelt på de 7 vannområdene Agder vannregion. Se hele vedtaket i vedlegg 1.

Våren 2021 ble forslaget presentert for samtlige interkommunale politiske råd (IPR) i Agder.

Invitasjon til å opprette stilling som vannområdekoordinator

Agder fylkeskommune inviterer kommunene i vannområdene Gjerstad-Vegår og Nidelva til et samarbeid om å etablere en fast 100 % stilling som vannområdekoordinator, hvor både fylkeskommunen og berørte kommuner bidrar med finansiering av stillingene, og en kommune har arbeidsgiveransvaret. Se forslag til fordelingsnøkkel i vedlegg 2.

Agder fylkeskommune mottar årlig tiltaks- og tilskuddsmidler fra Miljødirektoratet øremerket til spleiselag mellom statlig, regionalt og lokalt nivå for å sikre god organisering og kunnskapsinnhenting i VO, for eksempel inngå i samfinansiering med kommunene om koordinatorene i VO. Dette regnes som sikre årlige midler som i sin helhet vil inngå i samfinansieringen.

Svarfrist for kommunenes deltakelse i samfinansiering av vannområdekoordinatorer er 20. desember 2021.

Invitasjon til møte om organisering av vannområdene

Agder fylkeskommune ønsker å invitere ordfører og kommunedirektør i kommunene i vannområdene Gjerstad-Vegår og Nidelva til et møte i løpet av høsten for å diskutere organisering av vannområdene.

Forslag til agenda for møtet:

- Orientering knyttet til mulig organisering av VO
- Etablere styringsgruppe for VO
- Fastsette organisering av VO
- Vurdere finansieringsmodell for ny vannområdekoordinatorstilling

Besøksadresse:

Telefon:

Org.nr.:

921 707 134

Postadresse:

Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

E-post:

Nettsted:

Web

- Velge vertskommune for den nye stillingen

For å sikre deltakelse ber vi om tilbakemelding i Doodle - <https://doodle.com/meeting/participate/id/zbqYWRRb> innen 15. oktober på hvilke av de tre gitte datoene som passer best:

Tors 2. des. kl. 1000-1230

Fre. 3. des. kl. 1000-1230

Ons. 8. des. kl. 1000-1230

Dersom det oppstår problemer med å registrere i Doodle gi tilbakemelding til tanja.overland@agderfk.no

Bakgrunn

Vannforskriften trådte i kraft i 2007 som en gjennomføring i norsk rett av EUs rammedirektiv for vann (vanndirektivet), og er hjemlet i plan- og bygningsloven (PBL), forurensningsloven, naturmangfoldloven og vannressursloven. Formålet er å sikre godt vannmiljø og bærekraftig bruk av vannressursene våre. Vannforskriften representerer et permanent forvaltningssystem.

Agder fylkeskommune har rollen som vannregionmyndighet for Agder vannregion. Fylkeskommunen har ansvar for:

- å rullere vannforvaltningsplanen hvert 6. år
- organiseringen og det regionale prosessarbeidet
- å sikre nødvendig deltakelse og medvirkning i vannregionen
- egne oppgaver og sektoransvar.

Kommunens ansvar

Mange av tiltakene for å beskytte og forbedre vannmiljøet og sikre miljømåloppnåelse, er det kommunene som har ansvaret for å gjennomføre. Kommunene er derfor en svært viktig sektor og planmyndighet i vannforvaltningen og har ansvar for å følge opp og forvalte vannmiljøet i egen kommune i tråd med vannforskriften, vannforvaltningsplan m/ tiltaksprogram og de nasjonale føringene. Hensynet til vannmiljø blir altså del av planleggingen på alle nivå i kommunen.

Det har både politisk betydning og er i allmennhetens interesse at kommunenes engasjement og kunnskap om vann brukes i vannforvaltningen.

[I april kom Klima- og miljødepartementet med en presisering av kommunenes ansvar og oppgaver i vannforvaltningen.](#) Se vedlegg 3 for en nærmere presisering av kommunenes ansvar og oppgaver.

Samarbeid i lokale vannområder

Vannforskriften deler inn hele landet i vannregioner, og hver vannregion er igjen delt inn i mindre vannområder. VO følger nedbørfeltgrenser og vannet renner på tvers av våre administrative grenser. Interkommunalt samarbeid og gode samarbeidsprosesser regnes som en forutsetning for å kunne lykkes bedre i å utarbeide en regional vannforvaltningsplan med lokal forankring, realistiske mål, tiltak og prioriteringer.

Det er krevende at arbeidet skal foregå på tvers av eksisterende administrative grenser, sektorer og forvaltningsnivåer. Godt organiserte vannområder med en ansatt vannområdekoordinator har vist seg å være en suksessfaktor i vannforvaltningsarbeidet.

Vannområdekoordinatorene kan bidra til å sikre kommunene kompetanse på vannforvaltning, være en felles ressurs for kommunene i VO, bistå kommunene med deres ansvar og oppgaver i vannforvaltningen, og bidra til bred deltagelse og god informasjon.

Erfaring fra andre vannområder har vist at samarbeid i VO har gitt forankring, kontinuitet og fremdrift i arbeidet mot de ulike milepælene og fristene i vannforvaltningen.

Noen av oppgavene som vannområdekoordinator kan bistå kommunene med:

- ivareta med god deltakelse og medvirkning i vannforvaltningsarbeidet og med dette også bidra til oppfølging av kommunes eget sektoransvar.

- sikre god samordning og forente løsninger med øvrige sektormyndigheter og andre berørte parter i det enkelte VO.
- Bistå kommunene i å ivareta og sikre godt vannmiljø og bærekraftig bruk av vannressursene i kommunale planer.
- fremme kommunens interesser knyttet til vannmiljø og brukerinteresser i vann i statlige og regionale planer.
- planlegge hvilke tiltak som er nødvendige for å oppnå godt vannmiljø i vannforekomstene, og registrering og løpende oppdatering av tiltak i Vann-nett.
- oppdatere kunnskapsgrunnlaget i samarbeid med ulike aktører, og dialog med Statsforvalteren om innlegging av data i databasen Vann-nett.
- planlegge hvilke tiltak som er nødvendige for å oppnå godt vannmiljø i vannforekomstene, og registrering og løpende oppdatering av tiltak i Vann-nett.
- fastsette realistiske miljømål for vannforekomstene i samarbeid med vannregionmyndigheten, Statsforvalteren og statlige sektormyndigheter.
- følge opp bestillinger som kommer fra vannregionmyndigheten i arbeidet med oppdatering og gjennomføring av regional plan for vannforvaltning.
- representasjon i ulike utvalg og grupper i vannregionen
- sikre lokal medvirkning og informasjon

Mer utfyllende beskrivelse av oppgaver følger i vedlegg 4.

Med hilsen

Christina Milsom
Avdelingsleder
Bærekraftig utvikling

Tanja Øverland
Rådgiver
Bærekraftig utvikling

Brevet er godkjent elektronisk.

Mottakere: post@kviteseid.kommune.no <post@kviteseid.kommune.no>;
ARENDAL KOMMUNE
FROLAND KOMMUNE
GJERSTAD KOMMUNE
GRIMSTAD KOMMUNE
NISSEDAL KOMMUNE
RISØR KOMMUNE
TVEDESTRAND KOMMUNE
VALLE KOMMUNE
VEGÅRSHEI KOMMUNE
ÅMLI KOMMUNE
TOKKE KOMMUNE
FYRESDAL KOMMUNE

Kommunenes ansvar

I tråd med [vannforskriften \(§ 12, § 15, § 22- 27, § 29\)](#) og i [nasjonale føringer](#):

- Statlige sektormyndigheter og kommuner har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres ansvarsområde
- Samarbeide med andre kommuner om forvaltningen av vannområdene
- Statlige myndigheter har et særlig ansvar for å påse at oppdatering som angår eget ansvarsområde ligger innenfor nasjonale føringer før og etter høring
- Bidra med å finne fram til menneskeskapte påvirkninger på vannforekomstene i kommunen
- Berørte sektormyndigheter og kommuner (vannregionutvalget) skal delta i oppdatering av miljømålene for den enkelte vannforekomst.
- Berørte sektormyndigheter og kommuner (vannregionutvalget) skal delta i oppdatering av tiltaksprogrammet, herunder overslag over kostnadene ved og angivelse av det rettslige grunnlaget.
- Ansvarlig myndighet skal treffe vedtak om gjennomføring av enkelttiltak som inngår i tiltaksprogrammet, etter relevant lovgivning. Tiltakene skal være operative senest tre år etter at tiltaksprogrammet er fastsatt.
- Berørte sektormyndigheter og kommuner (vannregionutvalget) skal delta i arbeidet med å oppdatere den regionale vannforvaltningsplanen.
- Berørte sektormyndigheter og kommuner (vannregionutvalget) tilrettelegge for at alle interesserte gis anledning til å delta aktivt i gjennomføringen av denne forskriften og særlig ved oppdatering av vannforvaltningsplanen med tilhørende tiltaksprogrammer.
- Statlige sektormyndigheter og kommuner skal legge den godkjente vannforvaltningsplanen til grunn for planlegging og virksomhet i vannregionen.
- Berørte sektormyndigheter og kommuner må vurdere om ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst fører til at miljømål ikke nås eller at tilstanden forringes, og eventuelt vurdere om vilkårene etter vannforskriften ([§ 12 Ny aktivitet eller nye inngrep](#)) er oppfylt .

Oppgaver til vannområdeleder/rådgiver

Vannområdeleder/rådgiver følger opp vannområdene, både administrativt og faglig. Det omfatter koordinering, økonomistyring og sekretariatsfunksjon for vannforvaltning.

Ansvar og oppgaver:

Ha ansvar for nødvendig planlegging, organisering, koordinering og igangsetting av delprosjekter:

- Ha ansvar for å samordne og koordinere arbeidet i vannområdene og være bindeledd mellom frivillige, kommuner, sektormyndigheter og vannregionmyndigheten.
- Ha ansvar for å veilede og bistå kommuner og andre aktuelle sektormyndigheter (inkl. det politiske nivået) i forhold til oppfølging av vannforskriften, vedtatte vannforvaltningsplaner og nasjonale føringer.
- Legge til rette for lokal medvirkning og engasjement.
- Ha dialog med Vannregionmyndigheten og Fylkesmannen om aktuelle samarbeidsprosjekter og overvåkingsprogram.
- Ha ansvar for framdrift og informasjonsflyt i vannområdet.
- Ha ansvar for å utarbeide nødvendige prosessdokumenter, inkludert handlingsplan, årsplan, budsjett og årsrapport.

Ha ansvar for å lede og fungere som sekretær for arbeidsgruppa:

- Innkalle til møter, forberedelse av saksdokumenter, føring av referat og oppfølging av vedtak.
- Bidra til å utarbeide og videreutvikle tiltaksanalyser og overvåkingsprogrammer i de aktuelle vannområder.
- Bidra til at kommunene får gjennomført vedtatte tiltak og nødvendig problemkartlegging og samordne dette ved behov.
- Ta initiativ eller bidra som støttespiller i aktuelle prosjekter.
- Innhente faglig bistand ved behov. Spesielt viktig å opprette godt samarbeid med Fylkesmannen.
- Har ansvar for å søke tilgjengelige midler fra Fylkesmannen, fylkeskommunen, Miljødirektoratet m.fl.
- Være vannområdets representant utad.

Delta på møter i vannregionutvalget (VRU):

- Oppdatere VRU om status og fremdrift i vannområdet.
- Informere om aktuelle saker i vannområdet.
- Videreformidle innspill fra vannområdet.

Delta i andre aktuelle forum knyttet til oppfølging av vannforskriften og regional vannforvaltningsplan:

- Nasjonale samlinger.
- Kommunestyremøter.
- Regionalt planforum dersom aktuelle saker tas opp.
- Fagsamlinger (nasjonalt, regionalt og lokalt).

Ha ansvar for å følge opp og fungere som sekretær for en ev. styringsgruppe:

- Legge frem saker for styringsgruppa på vegne av arbeidsgruppa.
- Sikre effektiv/god kommunikasjon mellom styringsgruppe og arbeidsgruppe.

Rådgiverrolle:

- Vannforvaltning i planarbeidet.
- Vannforskriften §12.

Oppfølgingsansvar knyttet til karttjenesten Vann-Nett:

- Oppdatere status for tiltak i Vann-Nett.
- Bistå kommunene med oppdatering av tiltak i Vann-Nett.
- Bidra til å sikre at Vann-Nett er oppdatert og melde inn til Fylkesmannen dersom det oppdages feil i Vann- Nett.